



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 22.11.2016

Sak nr.: 16/8251-2
Internt I.nr. 39857/16

Sak: 94/16

Tittel: Jordbruksforhandlingane 2017

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Jordbruksoppgjeret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane 2017:
 - a. Det må bli tatt omsyn til fylket sin eksisterande bruksstruktur. I nasjonal samanheng er fylket prega av mange små bruk, vanskeleg topografi, store avstandar mellom brukta og store avstandar til marknad og omsetning. Verkemidla må styrast slik at små og mellomstore bruk vert tekne i vare.
 - b. Det må bli ei styrking av distriktsretta verkemiddel knytt til grovfôrbasert produksjon av storfekkjøt, lammekkjøt, mjølk og produksjon av frukt og bær.
 - c. Det er viktig å legge til rette for betre økonomi i ammekuproduksjonen på mindre og mellomstore eininger. Ledig areal i distrikta må kunne nyttast og økonomien i ammekuproduksjonen må styrkast for buskaper inntil 20 dyr.
 - d. Vi må halde fast på dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter
 - e. For å kompensere for kostnader knytt til topografiske utfordringar, små teigar og bratte areal, bør det innførast eit driftsulempetilskot.
 - f. Tilskot til dyr på beite må aukast.
 - g. Det bør på nytt innførast eit nydyrkingsstilskot.
 - h. Distrikts- og kvalitetstilskotet for industribær må aukast for å styrke økonomien i produksjonen. Pristilskot på økologisk frukt og bær bør aukast.
 - i. Det er stor trøng for grøfting, og grøftetilskotet må aukast. Dette vil også vere eit særskilt godt klimatiltak.
 - j. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast, og den regionale forvaltninga må halde fram. Regelverket for IBU-midlar bør endrast slik at det vert opna for maksimale tilskot på 40% og ikkje 33% som i dag.
 - k. Vi må utnytte handlingsrommet som dagens tollvern kan gje for auka pris til produsent.

Endringsframlegg:

Framlegg frå Frp og Høgre:

1. Jordbruksoppgjeret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at ein i jordbruksoppgjeret held fram forenklinga og avbyråkratiseringa av verkemiddelordningane i jordbruket, samstundes som ordningane må sikre ein variert bruksstruktur med jordbruk over heile landet. Ein må fortsette styrkinga av investeringsordningane, og kraftig auke potten til investeringsstøtte slik at fleire og mindre bruk får høve til å investere. Fylkeskommunen ber og om at ein prioritærer tiltak for å ta i vare kulturlandskapet, sikrar bruk av utmarksbeiter og nydyrkning. Fylkeskommunen krev og at eventuelle endringar i dagens tollvern ikkje får negative konsekvensar for anna eksport, spesielt for eksport av fisk og fiskeprodukt.

Avrøyting:

Framlegget frå Frp og Høgre fekk 2 røyster: Marita Gunn Aarvik (Frp) og Anne Lilleaasen (H). Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 7 røyster, og vart dermed vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Jordbruksoppgjeret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspeil til jordbruksforhandlingane 2017:
 - a. Det må bli tatt omsyn til fylket sin eksisterande bruksstruktur. I nasjonal samanheng er fylket prega av mange små bruk, vanskeleg topografi, store avstandar mellom bruka og store avstandar til marknad og omsetning. Verkemidla må styrast slik at små og mellomstore bruk vert tekne i vare.
 - b. Det må bli ei styrking av distriktsretta verkemiddel knytt til grovfôrbasert produksjon av storfekkjøt, lammekkjøt, mjølk og produksjon av frukt og bær.
 - c. Det er viktig å legge til rette for betre økonomi i ammekuproduksjonen på mindre og mellomstore einingar. Ledig areal i distrikta må kunne nyttast og økonomien i ammekuproduksjonen må styrkast for buskaper inntil 20 dyr.
 - d. Vi må halde fast på dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvote
 - e. For å kompensere for kostnader knytt til topografiske utfordringar, små teigar og bratte areal, bør det innførast eit driftsulempetilskot.
 - f. Tilskot til dyr på beite må aukast.
 - g. Det bør på nytt innførast eit nydyrkningstilskot.
 - h. Distrikts- og kvalitetstilskotet for industribær må aukast for å styrke økonomien i produksjonen. Pristilskot på økologisk frukt og bær bør aukast.
 - i. Det er stor trøng for grøfting, og grøftetilskotet må aukast. Dette vil også vere eit særskilt godt klimatiltak.
 - j. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast, og den regionale forvaltninga må halde fram. Regelverket for IBU-midlar bør endrast slik at det vert opna for maksimale tilskot på 40% og ikkje 33% som i dag.
 - k. Vi må utnytte handlingsrommet som dagens tollvern kan gje for auka pris til produsent.